

## Oppgave 1:

Les fagteksten og marker undervegs det du synes er interessante faglege poeng.

# Førstehandserfaring av problem - kva betyr det og kvifor er det så viktig?

*Skaftun, Sønneland og Berge, 2023.*

*Lesesenteret, UiS / Språkløyper.no*



Illustrasjon: Matilda Wiklund

Kvardagen til dei fleste menneske inneheld mange kjente situasjonar kor vi handlar av gamal vane og på rutine. Vi veit kva vi skal gjere og korleis, sjølv om vi ikkje alltid kan sette ord på dei mange kompetansane vi støtter oss til. Det er likevel ikkje berre vanar og rutinar som fyller liva våre. Jamt og trutt dukkar det opp noko som ikkje passar inn i forventningane, og som krev at vi stoppar opp og må tenke oss om. Desse problema som dukkar opp kan vere irriterande og plagsame, men dei kan òg

inspirere til kreativ nytenking og ny innsikt. Uansett, når vi møter problem som framstår som nye for oss, så må vi trø til, leite etter dei rette verktøya i verktøykassa, og kanskje til og med lage nokre nye. Nye situasjonar og problem er ei heilt eiga type erfaring, som ikkje kan prosesserast på autopilot, og som derfor også krev ei anna form for engasjement.

I vitenskapleg aktivitet finn vi både plagsame og inspirerande problem, og då i større grad forstått som to sider av same sak. Dei store og vanskelege spørsmåla er ikkje noko ein unngår, men snarare noko ein vert trekt mot som fluger mot flugepapir. Problema pirrar og irriterer og kallar på merksemd, og om ein finn ei løysing eller kjem vidare, så opplever ein det gjerne som eit kick. I norskfaget handlar det ikkje om å finne løysingar på miljøkrisa eller medisinske gjennombrøt. Vi les og tolkar tekstar, og prøver å forstå tekstane og konteksten rundt dei betre. Og når eller viss vi plutselig forstår noko som var litt ubegripeleg for ein augeblink sidan, så kjem kicket. I arbeidet med skjønnlitteratur møter vi tekstar som gjer motstand mot å bli forstått, som gjer seg vanskelege, kunne vi seie, men som nettopp på denne måten inviterer oss til å finne vegar inn i teksten, til å utforske moglege samanhengar, tenke og oppleve undervegs.

John Dewey er truleg eit kjent namn, og mange tenker sikkert straks “learning by doing and reflection”. Slagordet peikar mot å skape samanheng mellom den erfaringa elevane har med seg til skulen og det skulefaga har å by på. I det Dewey kalla tradisjonell undervisning blir kunnskapsinnhaldet formidla av dei som kan til dei som skal lære. Læremidla formidlar det på sin måte, pakka inn og forsøksvis tilpassa ei bestemt aldersgruppe. Spørsmål og oppgåver har i all hovudsak ein fasit, som læraren rår over. Dewey viser til korleis vi som menneske vert engasjerte i møte med meiningsfulle problem, og spør så kvifor vi ikkje i større grad bygger undervisninga i skulen rundt det han kallar *førstehandserfaring* av slike problem. Tradisjonell undervisning formidlar svara på slike spørsmål, og tar dermed bort den ekstremt verdifulle og engasjerande førstehandserfaringa.

Ein innleiande invitasjon i litteraturarbeidet kan vere å lese ein tekst, for så å opne for diskusjon om kva teksten handlar om. Det å formulere ein open instruks til ein slik samtale er ikkje berre enkelt, men intensjonen er at ein kvar for seg og saman får moglegheit til å diskutere teksten med utgangspunkt i eiga førstehandserfaring. Det er ikkje viktig kor langt ein kjem, eller om ein blir einige om ei autoritativ forståing. Det som er viktig er spørsmålet om ein opplever den litt kitlande følelsen av å bli engasjert i møtet med teksten som eit opent problem. Denne kitlinga rommar òg følelsen av at det faktisk er litt skummelt å by på seg sjølv.

Vi veit frå både forskning og erfaring at ein open instruks til ein tekst som byr på litt tolkingsmotstand, er engasjerande for både barn og vaksne. Nokon vil alltid distansere seg, og motsett seg å gå inn i situasjonen, men dei fleste følger typisk instruksjonen, og kjem i berøring med engasjement i teksten og samtalen om han. I klasserommet ser vi at dette kjem til uttrykk gjennom mykje snakk både om og rundt teksten. For læraren kan det vere både tilfredsstillande og til og med overraskande å oppdage at andre elevar enn dei som vanlegvis er veldig aktive munnleg, plutselig koplar seg på og deltek i samtalen.

## Oppgåve 2:

### Diskuter i grupper eller i plenum:

- Kva for nokre erfaringar gjorde de gjennom deltaking i den litterære gruppesamtalen i oppstarten av denne økta?
- Kva implikasjonar kan det å gje opne oppgåver til tekstarbeidet få for undervisninga?